



Det europeiske senteret for moderne språk – Europarådet

# Send inn forslag til programmet for 2020–2023

Inspirasjon til nyskaping i språkopplæringa:  
kontekstar i endring, kompetanse i utvikling

**Er du aktiv på feltet språkopplæring, kanskje som lærar, lærarutdannar,  
forskar, lærebokforfattar eller pensumforfattar?**



Invitasjonen til forslag frå ECML gir deg tilgang til ei unik europeisk plattform for diskusjon, kommunikasjon og utgiving av nyskapande idear. Dette er ein sjanse til å gi eit reelt bidrag til språkopplæringa i Europa.

Dersom du bur og arbeider i ein av medlemsstatane i ECML og ønskjer å dele og utvikle ideane dine om språkopplæring gjennom europeisk samarbeid, vil vi gjerne høyre frå deg!


# Inspirasjon til nyskaping i språkopplæringa

ECML bidreg til å byggje bru mellom språkpolitikken og den faktiske opplæringa i både formelle og uformelle samanhengar.

Senteret fører spesialistar frå heile Europa saman, slik at dei kan utvikle nye metodar og nytt materiell for språkopplæring i ei omskifteleg verd.

På nettsidene til ECML finn du ei rekkje gratis ressursar for språklærarar, lærarutdannarar og andre som arbeider med utdanning.

## Prioriteringar for språkopplæringa i medlemslanda i ECML



Dei prioriterte områda i denne invitasjonen er baserte på behov i medlemslanda i ECML, speglar meiningane til yrkesutøvarane og tek omsyn til utviklinga i Europarådet og andre organisasjonar i og utanfor Europa.

Kunne du tenkje deg å sjå nærare på éi eller fleire av desse prioriteringane gjennom eit ECML-prosjekt? Er du interessert i å utvikle brukarvennlege, praktiske ressursar som er enkle å tilpasse til ulike nasjonale samanhengar, med støtte frå ein leiande europeisk institusjon?

**Høyrest det freistande ut?** Du finn fleire opplysningar på nettsida nedanfor.

**Frist for forslag: 22. april 2019**

Det europeiske senteret for moderne språk (ECML) er ein institusjon under Europarådet som er basert i Graz i Austerrike. ECML arbeider for å fremje språkopplæring av høg kvalitet i Europa. Dei prosjektbaserte aktivitetsprogramma til senteret gir støtte til dei 33 medlemsstatane, slik at dei kan innføre effektiv språkopplæringspolitikk.



Medlemsstatar i ECML: Albania, Andorra, Armenia, Austerrike, Bosnia-Hercegovina, Bulgaria, Tsjekkia, Danmark, Estland, Finland, Frankrike, Tyskland, Hellas, Island, Irland, Kroatia, Kypros, Latvia, Liechtenstein, Litauen, Luxembourg, Malta, Montenegro, Nederland, Nord-Makedonia, Noreg, Polen, Romania, Serbia, Slovakia, Slovenia, Sveits, Sverige. Status: januar 2019.

[www.ecml.at/call](http://www.ecml.at/call)